

øvrigte fylker. Det er ellers overgang til bruk av elektrisk kraft, og lettere tilgang på annet brensel, kanskje spesielt olje som er årsaker til nedgangen. Av andre viktige faktorer i denne sammenhengen er de jevnt over gode forholdene på arbeidsmarkedet. Gode muligheter for varig godt lønnet arbeid har gjort at det ikke blir tid å ta torv. Torvtak til eget bruk var tidligere et typisk onnearbeid hvor hele familien var med, og hvor også barn i alle aldre kunne gjøre full nytte for seg. Med nåtidens skolegang, ofte borte fra hjemmet, er heller ikke denne arbeidskraften ledig for torvonna. Kort sagt, det brukes elektrisitet, olje eller koks. Fraflyttingen fra utkantstrøkene inn til tettbebyggelsen har utvilsomt også virket inn på nedgangen.

Til sammenlikning kan nevnes at også produksjonen av ved til brensel har vist en stadig tilbakegang. Pr. 15/9-1966 var hogstkvantumet oppgitt til 102 435 favner, mot foregående år vel 125 000 favner.

Selv om brenntorvproduksjonen stadig blir mindre og mindre er den enda ikke helt uten betydning nasjonaløkonomisk sett. Sammenliknet med ved, representerer brennverdien av årets brenntorvproduksjon ca. 48 600 favner skogsved. Nytter vi en pris på 120,— kr. pr. favn får vi en beregnet verdi av årets brenntorvproduksjon på henimot 6 mill. kr.

TORVSKJERINGA ER SLUTT, TORVLØENE I FORFALL

Av Tor Rolv Time.

Jærbuen hadde ikkje skogen å trøste seg til. I så måte var ein like fatige då ein skulle fyre i omnen, som det var trøysteslaust med treyrke til byggetilfang. Men rådlause var ikkje folket som budde på denne snaue kyststripa. Det var store vidder med torvmyrar. Og dei lærde seg tidleg kunsten å skjere torv. Kor lenge jærbuen har skaffe seg brenne med torvskjering, er nok vanskeleg å slå fast.

Skjera torv kunne alle dei vaksne karane. Dei andre, kvinnene og borna bar eller hjula torvet og la det utover til tork. I den seinare tid nytta ein og hest, ein kjørde torvet utover torvbreen. Var det god terre, (tork), noko eg har inntrykk av at det var meir av før i tida, var det ikkje lenge før ein kunne reise torvet. Når det så hadde tørka ei tid på det viset, vart det sett i røyk, torvrøyk dei kalla. Desse røyka bles vinden igjennom så torvene kunne tørke vidare, regnet vätte berre noko på utsida.

Når så torvet omsider vart tørt nok, tok ein til å kjøre det inn. Antan heim i torvkutane på dei gamle jærhusa, eller i torvløer i kanten av sjøve torvmyra. Ein nytta torvgrindar, eller høge karmar på kjerrene. I tørt ver på ettersomaren kunne ein gjerne sjå heile karavaner med torvlass kom frå dei store myrane. Torvløene var

helst nokså luftige, det mangla kanskje ein vegg eller to. Torvet vart lødd inn i fine torvstaar og vart tørt og fint då ein seinare kjørde det heim. Ved alle dei store myrane på Høg-Jæren, opp mot Skjøret og alle dei andre torvmyrane som Lendemyra, Steinslandsmyra, Grødelandsmyra og mange andre, stod det alltid mange torvløer. Desse er nå i forfall. Det er eit sørgjeleg syn å sjå desse halvt eller heilt samanbrotne løene som før stod der fine og i stand fullødde med god torv. Dei passa så godt inn i landskapet der i kanten av torvbeane og torvgrovene, der myrfivelen lyste opp med si kvite dun, og lyngblom og grønt mikkelsbærlaav, pors og anna smålaav eller blom, vaks. Smånøgde var desse plantene, men pynta opp og gav landskapet sin rette sjarm.

Men kven har syn for dette i dag? Eigarane kunne i det minste fjerna løene på skikkeleg vis. Det er så uendeleg trist å sjå desse vraka med sundbrotne tak og dei raude pannene, heile og sundbrotne, liggje i små uregelrette haugar saman med morkne bord og brandas. Nei, ein bryr seg ikkje med å ofra torvløa ein tanke, dess meir. Nå skaffar ein seg oppvarming av husa på meir lettvinde måtar. Med «dei kvite kol» eller oljefyring. Og varmt vatn får ein så mykje ein treng frå varmtvassbeholdaren eller ein «beredar».

På sett og vis kan ein nok seia at dette er godt, for det minnska sterkt på torvmyrane. Serleg i siste krigen vart det skore fælende mykje torv. Men torvskuren var ikkje berre slit. Helst må ein seia at å vera i torvmyra var gildt. Ikkje berre borna gledde seg til dette, men mange av oss vaksne med. I dei store myrane var det folksamt, for dei fleste skar torv på same tida. Då var det liv, arbeid og moro. Det var så koseleg når kjelen var kokt og me kunne finne oss sete på steinar eller i lyngen. Då smakte det å eta. Og stødt hadde me ein herleg konsert av fuglane: vipa, lerka, spojen, raudstelken og mange andre over hovuda våre, fulle av livskraft og ør glede.

Og hende det så noko ekstra, vart ein heil folkehøp så mykje meir oppglødd enn om me berre var husets folk heime. Eg skal nemne nokre opplevingar som nett kom då folket var i myra. I første verdskrigen, båe gongene i 1916, vart me på ein ekstra måte minna om at krigen rasa like utanom døra. I det store sjøslaget, Jyllandslaget dei kalla, høyrdest drønnet av kanonaden ein heil dag. Så fælt var det at ein kunne kjenne at jorda riste når ein var nede i torvgrova. Og ikkje så mange dagane før eller etter, kom det første flyget eller Zeppelinaren rekande i lufta innover Jæren. Han hadde vore på tokt og bomba London, men ein hadde mist kontrollen over styringa. Han heldt på å søkkja i Gandsfjorden, men brakk i to, for vidare og datt ned i Hafrsfjord. Denne episoden var synleg frå store delen av Jæren. Ein eldre kar, som var med i torvskurden i Lindemyra, fortalde om dette etterpå: «Eg trudde at heile Lindemyra skulle kome i fyr og flamme, slik bar torvmyrfolket seg.»

Ei luftskipsøge til med same. Det var i 1930 på ettersommaren,

nett då folket dreiv som hardast på å kjørde torv i løene. Det kom eit fælende stort luftskip sørantil og drog seg nordover. Og alle stader tykte folk at det gjekk rett over der nett dei var. Slikt eit stort uhyre har aldri vore sett her, hverken før eller seinare. Og alle kunne me lese namnet: «Graf Zeppelin» stod det med svære svarte bokstavar på den lyse kroppen. Ikkje å undrast på at bokstavane var synlege. Dei var 11 m høge, vart det fortalt i avisene.

Ja, slik kunne livet arte seg i torvmyra. Eit yrke som ikkje er meir, berre minnet set att. (Etter Bondevennen.)

STATENS LANDBRUKSBANK

«Landbruksbanken» har vært i virksomhet siden 1. januar 1966. Den har allerede ytet en rekke utlån og vært i kontakt med et stort antall av landbrukets utøvere i vårt land. Året 1966 har sikkert også vært et «oppbygnings- og innkjøringsår» for banken selv. Et nett av tillitsmenn er etablert over det ganske land.

Til orientering for våre medlemmer og andre lesere vil vi gi nedenstående utdrag og referat fra loven om Statens Landbruksbank, som i samarbeide med andre banker og låneinstitusjoner har som formål å hjelpe vårt landbruk på den finansielle sektor.

Statens Landbruksbank, er en sammenslutning av Kongeriket Norges Hypotekbank, Noregs Småbruk- og Bustadbank og Driftskredittkassen for jordbruket.

Banken som har til oppgave å fremme norsk landbruk kan:

1. gi lån til
 - a) å opprette eller utvide landbrukseiendommer, føre opp nye eller utbedre eldre bygninger eller på annen måte utbygge slike eiendommer,
 - b) å kjøpe eller på annen måte erverve landbrukseiendommer samt til å løse ut medarvinger i samband med skifteoppgjør,
 - c) å kjøpe maskiner, redskaper, husdyr eller andre driftsmidler,
 - d) å fremme andre tiltak i samband med landbruksnæring etter bestemmelser av Kongen,
2. gi stønadslån, tilskott eller garanti etter de stønads-, tilskotts- eller garantiordninger som banken av Stortinget eller Kongen blir pålagt å administrere.

Kongen gir nærmere forskrifter om låneformålene.

Lån kan gis til:

- a) enkeltpersoner,
- b) driftskredittlag eller lag som har til formål å drive maskinsamvirke,